

Innlegg sendt Klassekampen 22.10.2024, ikke tatt inn i avisa.

Samofobien – ein reiskap for spekulantane

Ein samofob (samehatande) svensk kulturredaktør har nylig satt sinna i kok med sine frenetiske åtak på samisk kultur, næring og rettar. Klassekampen har gitt spalteplass til eit åtak på samane, som ein aldri ville sluppe inn om tilsvarande ordbruk var brukt mot andre etniske grupper, f.eks. jødar eller folk med røter i Afrika. Ande Somby har i avisa 22.10. gitt eit godt svar om det historielause i å framstille samane som undertrykkarar og etniske svenskar og nordmenn som undertrykte.

Det er ikkje noko nytt at når undertrykte grupper reiser seg og oppnår ein viss status i samfunnet, og det kanskje blir gjort litt tiltak for å rette opp etter undertrykkinga, så oppstår grupper i storsamfunnet som vil oppretthalde undertrykkinga og sette dei tidligare undertrykte på plass. Eit av dei mest kjente tilfellet er Ku Klux Klan, som i mange år terroriserte svarte og menneskeretsforkjemparar. USA har enno i dag sin Anti-Indian Movement, som motarbeider alle tiltak for å sikre siste delar av landområde, språk og kultur for urfolka. Tilsvarande har Australia partiet One Nation, for å sette urfolka på plass. I New Zealand er det ei Anti-Maori-rørsle, som nektar for at urfolka er urfolk. Dette er også ei hovudsak for den norske parallelle, EDL eller "Etnisk og Demokratisk Likeverd". For dei er likeverd minoritetane sin rett og plikt til å gå opp i storsamfunnet og forlate eigen kultur og språk. Alle skal ha samme rett til å drive reindrift og gruvedrift i samiske bruksområde. I nordnorske medier har dette miljøet i mange år hatt daglige drypp som seier at det samiske eigentlig ikkje finst. Samane er ei samansverjing som har konstruert seg sjølv, som vil overta heile Nordkalotten og fordrive oss andre.

Sverige har fått sin rikelige del, retta mot samar generelt og reindriftsnæringa spesielt. Etter at svensk EU-medlemskap opna for tilgang frå alle EU-land til gruvedrift, jakt, fiske og skuterkjøring i reindriftsområde, blei det vanskeligare og vanskeligare å halde fram med tradisjonell næring. Samane blei nøydd å forsvere seg og gikk til sak for å få sine rettar sikra. Når dei så vann ei sak blei dette startskotet for ei hetskampanje utan like, som no fikk ein talarstol på bokmessan i Göteborg og i ei rekke aviser inkludert Klassekampen.

Den svenske "kulturpersonligheten" Ola Wong trur ikkje på "arvesynden". Han vil ikkje grave i historia og spørje korleis vi har kome dit vi er i dag, ikkje spørje kven som var i Kiruna før gruva, kven som fikk buplassane sine drukna av kraftutbyggingar. Når han skriv i ei norsk avis, hentar han argumenta frå sine norske meiningsfeller i EDL, som påstanden om at den norske reindriftslova er rasistisk diskriminering av nordmenn.

Wong går også inn i ein annan samofob tradisjon. Det gjeld å skremme med kor ille det kan bli om samiske interesser vinn fram. Balkan og Midtausten er skremmebilda som malast. Om vi lar samisk kultur ha ein plass i dei norske og svenska samfunna, er massakrar som i Srebrenica og Gaza det neste.

I Klassekampen kallar Peter Fröberg Idling førestillinga i Göteborg med rette for eit "shitshow". Og det er nettopp det som er meininga. Liksom sine norske meiningsfeller stiller dei svenska opp i eit kvart forum der noko samisk kjem fram, for å rive det ned. Med slike provokasjonar får dei all konstruktiv debatt til å drukne i ein "debatt" om samane i det heile tatt finst og om det samiske er verdt å ta vare på.

Hensikten med dette kjem klart fram i Wong sine innlegg. Samane står i vegen for den kommersielle utnyttinga av samiske område. Derfor må dei bort. Kampen for sameretten er i dag ein kamp for menneskerett, for naturen, mot gruvedrift, vindkraft og andre naturraseringar. Eg skulle ønske at også Klassekampen sin redaksjon klarte å sjå det.

Svein Lund
norsk nordmann i Guovdageaidnu
sveilund@online.no